

NotatDato: 01.02.2018
Arkivsak: 2014/22850-4
Saksbehandlar: karoen_

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Tilsette i HFK med innvandrarbakgrunn pr. november 2017

Basert på tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) har Hordaland fylkeskommune dei siste åra utarbeidd oversyn over tilsette med innvandrarbakgrunn i HFK. Tala byggjer på første- og andre generasjonsinnvandrarar fordelt på to hovudgrupper av landbakgrunn; Landgruppe **A** som utgjer innvandrarar frå EU/EØS, USA, Canada, Australia og New Zealand, Landgruppe **B** som utgjer innvandrarar frå Asia, Afrika, Latin- og Sør Amerika, Oseania med unnatak av Australia og New Zealand og Europa utanom EU/EØS.

Dei siste tala frå SSB er frå november 2017 og syner at det er 330 tilsette med innvandrarbakgrunn i HFK. Dette utgjer 7,6 % av totalt tilsette i fylkeskommunen. Dei fordeler seg med 175 (191) tilsette i opplæringssektoren, 54 (54) i tannhelsetenesta og 101 (85) i fylkesadministrasjonen inkl. Skyss, Bybanen Utbygging samt Eigedom –drift/reinhold (tala i parentes er frå kartlegginga i november 2016). Det har vore ein auke for fylkesadministrasjonen og nedgang i opplæringssektoren som har samanheng med at reinholdstenesta no ligg til eigedomsavdelinga mot tidlegare skolane.

Ser vi på fordelinga etter landbakgrunn er det 185 (192) tilsette frå landgruppe **A** og 145 (138) tilsette frå landgruppe **B**. Talet på tilsette frå gruppe B («ikkje vestlege land») utgjer 3,3 % av total arbeidsstyrke i HFK. Dette utgjer ein auke på 0,2 % i høve til tal frå 2016.

Den sektorvise fordelinga etter landbakgrunn viser at 14,4 % av dei som arbeider i tannhelsetenesta har innvandrarbakgrunn. Ser vi berre på gruppe B så utgjer dei 8,2 % (31 tilsette) av samla arbeidsstyrke i tannhelsetenesta, ein auke på 0,2 % frå 2016.

Tilsvarande tal for opplæringssektoren viser at 5,3 % av dei tilsette i opplæringssektoren har innvandrarbakgrunn, der dei med landgruppe B utgjer 1,7 % (1,8 % i 2016). Og tal frå fylkesadministrasjonen m.m. (inkludert Skyss, Bybanen Utbygging og driftspersonale eigedom) viser at 15,2 % (14 % i 2016) av arbeidsstyrken har innvandrarbakgrunn, kor 8,5 % kjem frå landgruppe B som er ein auke på 1,0 % frå 2016.

Talet på tilsette med innvandrarbakgrunn (gruppe A og B) har samla sett auka frå 281 tilsette i 2012 til 330 tilsette i 2017. Og talet på tilsette frå landgruppe B har gått opp frå 117 til 145 tilsette i same periode.